



Moritz Vatlé & Sønn AS  
Seimskleiva 5  
5260 INDRE ARNA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4329 - 16/13397

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

28.06.2016

## Godkjenning til kommunalt VA-anlegg for eigedomen GBNR 27/255 i Moldekleivmarka.

**Administrativt vedtak. Saknr: 220/2016**

**Tiltakshavar: Arnavågen Eigedom AS**

**Ansvarleg søkjar: Moritz Vatlé & Sønn AS**

**Tiltak: Søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg**

### Saksutgreiing:

I samband med oppføring av eit næringsbygg med vaktmeisterbustad i Moldekleivmarka, gbnr 27/255, er det i søknad, journalført 17.06.2016, søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg. I samsvar med rammeløyve og igangsettingsløyve for deler av tiltaket, sak DNT.246/2015, vart det sett krav om at søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg måtte sendast inn seinast ved bruksløyve for bygget.

Eigedomen skal koplast til det kommunale VA-anlegget frå avsett stikk for eigedomen, slik situasjonskart journalført 17.06.2016, syner.

### Vurdering:

I samsvar med Meland kommune sitt gebyrregulativ for vatn og avlaup, skal alle næringsbygg betale forbruksgebyr for vatn og avlaup etter målt forbruk. Det må difor installerast vassmålar. Kostnader med vassmålar og innstallasjon må tiltakshavar sjølv koste. Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert kopla til det kommunale VA-anlegget.

### Ansvarsrettar:

Det er erklært ensavarsrett som ligg ved godkjenninga i byggesaka.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at eigedomen gbnr 27/255 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg, som vist i søknad journalført 17.06.2016, jf. vass- og avlaupsanleggslova. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har satt i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgja standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilkoplinga skal skje i kum/avsett stikk, jf situasjonskart journalført 17.06.2016.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen år tilkoplinga er utført.
- Det må installerast vassmålar. Utbyggjar må koste denne sjølv.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. P.t. er gebyret kr. 15 000,- for vatn og kr 15 000,- for kloakk + mva (totalt kr 30 000,- + mva).»

Saka er avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart

**Kopi til:**

Arnavågen Eiendom as  
Byggmester Arne Brandsdal

**Mottakere:**

Moritz Vatlé & Sønn AS

Seimskleiva 5

5260

INDRE ARNA